

Komitedrøfting av Europaparlamentets Arktis-rapport

- *Stor grad av semje i drøfting av Europaparlamentets Arktis-rapport – arbeidet med kompromiss er nesten avslutta.*
- *Mange understreka behovet for praktisk samarbeid med Russland og norsk-russisk samarbeid vart trekt fram som eit døme på korleis dette kan skje på ein god måte,*
- *Semje om at innbyggjarane i Arktis må respekterast, at forskingsinnsatsen må styrkast og om at EU må bygge vidare på eksisterande samarbeidsstrukturar*
- *Stadig ulike syn i spørsmålet om særskilte miljøkonsekvensanalyser og om slike analyser skal krevjast for produkt som skal omsettast i den indre marknaden*
- *Komiteavrøysting 31. januar og truleg plenumsbehandling i februar*

Utanrikskomiteen og miljøkomiteen i Europaparlamentet hadde i dag ei felles drøfting av [utkastet til rapport om Arktis](#) som vart lagt fram i oktober. Det er lagt fram i alt [369 endringsframlegg](#) til utkastet i tillegg til at [regionalkomiteen, utanrikshandelskomiteen og fiskerikomiteen](#) har kome med innspel.

I debatten var det dei same skilelinjene som tidlegare som kom opp. Spesielt er det ulike syn i spørsmålet om særskilte konsekvensvurderingar i Arktis og om slike vurderingar skal vere eit krav for at produkt frå Arktisk skal kunne seljast i den indre marknaden (avsnitt 6 og 7 i utkastet til rapport).

Leiar for utanrikskomiteen Elmar Brok (EPP, Tyskland) og saksordførar i denne komiteen Urmas Paet (ALDE, Estland) understreka begge at Arktis både er strategisk viktig og viktig i ein klimasamanheng. Arktis må fortsatt vere eit lågspenningsområde. Paet understreka behovet for ein heilskapleg og koordinert EU-politikk. Han viste til at det blir arbeidd med 21 kompromisstekstar og meinte det var gode sjansar for å oppnå brei semje på dei fleste punkta.

José Inácio Faria (Portugal) framførde eit innlegg på vegne av saksordførar i miljøkomiteen Sirpa Pietikäinen (EPP, Finland). Det la vekt på respekt for urfolk og at det sårbare økosystemet i Arktis krev ekstra varsemd i samband med økonomisk verksemd.

Michael Gahler (EPP, Tyskland) åtvara mot å overbelaste rapporten med for mange moment. Han var kritisk til den store vekt på miljøaspekt og sa tittelen på rapporten viste at den var tenkt å vere eit meir overordna dokument. Han sa også det er viktig at EU ikkje oppfører seg som heile Arktis er ein del av EU, men respekterer dei andre landa i regionen. Det er viktig med dialog og konstruktivt samarbeid med Russland. Han trakk fram Noreg som eit døme på eit land som har fått til dette, jf. både semja om delelinja og samarbeidet med Russland om forvaltning av fiskeriressursar. Han tok til orde for ei eiga arbeidsgruppe for Arktis i Rådet og ein særskilt delegasjon for Arktis i Europaparlamentet. Han sa det er viktig å arbeide vidare med ordlyden i nokre av avsnitta i utkastet, spesielt avsnitt 2 (tilhøvet til internasjonal rett), 4 (gjennomføring av internasjonale konvensjonar) og 6 (konsekvensvurderingar).

Liisa Jaakonsaari (S&D, Finland) støtta mykje av det Gahler hadde sagt og la mellom anna vekt på at EU må ikkje oppfattast som arrogant. EU må ha respekt for dei andre landa i regionen som er gode partnarar. Det er eit godt, praktisk, nordisk samarbeid i regionen. Det er viktig å finne ei balansert omtale av tilhøvet til Russland i rapporten og sikre involvering av lokalbefolkinga generelt og urfolk spesielt. EUs fond og program må brukast aktivt for å bygge ut infrastruktur og for å fremje berekraft. Dei globale klimaproblem starta ikkje i Arktis og dei som bur det må ikkje straffast pga. tilhøve som har opphav andre stadar. Sjølv om ho var kritisk til deler av ordlyden i dei tekstane som nå blir drøfta, meinte ho det er mogleg å oppnå semje om alle kompromissa.

Jørn Dohrmann (ECR, Danmark) var også opptatt av å utnytte EUs program for å sikre ei positiv utvikling i Arktis og la vekt på dialog og praktisk samarbeid med Russland. Dette er viktig dersom EU skal kunne nå målet om fast observatørstatus i Arktisk Råd.

Miriam Dalli (Italia) snakka på vegne av Christel Schaldemose (S&D) og la spesielt vekt på balansen mellom eit respekt for det spesielle økosystemet i Arktis og for innbyggjarar og styresmakter i Arktis. Det er viktig med samråd med folk som bur i området og spesielt urfolk. Området er ikkje folketomt og det er underlagt nasjonal lovgjeving. Ho uttrykte skepsis til innføring av særskilte miljøkonsekvensanalyser i Arktis.

Anneli Jääteenmäki (ALDE, Finland) sa seg glad for at Arktis er eit lågspenningsområde. Ho var positiv til å fremje bruk av konsekvensanalysar, men ville ikkje støtte avsnitt 7 som krev slik analyser for å kunne selje varer frå Arktis. Dette ville stride mot prinsippa for den indre marknaden.

Karol Karski (ECR, Polen) tok til orde for meir ressursar til forsking og sa EU også må ta omsyn til at Russlands politikk har ført til mindre stabilitet i regionen.

Sabine Lösing (GUE, Tyskland) understreka behovet for vidareføre fredeleg samarbeid og sameksistens i regionen og at det er viktig å verne det sårbare økosystem i Arktis. Ho tok til orde for å opprette ein vernesone etter modell av Antarktis for å sikre den felles naturarven i Arktis. Ho var også skeptisk til NATO-aktivitet i Arktis.

Gessine Meissner (ALDE, Tyskland) la mellom anna vekt på at maritime spørsmål har er blitt viktigare, ikkje minst i Arktisk. Ho tok til orde for at Europaparlamentet burde gje ein komité, t.d. fiskerikomiten, eit klart ansvar fot maritime saker.

Bodil Valero (Dei grøne, Sverige) sa klimautfordringane i Arktisk representerer ei sikkerheitsutfordring ikkje berre i regionen, men globalt. EUs arktiske strategi er derfor viktig. Ho tok til orde for auka bruk av konsekvensvurderingar, men viste til at dette alt er hovudregelen. Ho støtta også avsnitt 7 om å krevje slike vurderingar for å kunne marknadsføre produkt frå regionen.

Stefaan Depypere frå Europakommisjonens generaldirektorat for maritime saker og fisk sa seg glad for engasjementet til Parlamentet og understreka det er viktig med ei heilskapleg EU-tilnærming til Arktis. Klimautfordringane kan ikkje løyst utan internasjonalt samarbeid. Det er også viktig å leggje til rette for såkalla grøn og blå vekst og å utnytte næringspotensialet i regionen på ein fornuftig måte. Det er alt mange eksisterande instrument som skal sikre gode miljøkonsekvensanalyser, også i Arktis. Det er viktig at desse blir utnytta betre. Han sa det nye Arctic stakeholder forum er eit viktig initiativ og at forumet skal møtes både i Tromsø og i Helsingfors i år. Det er viktig å styrke forvaltninga av hav og fisk. Kommisjonen arbeider både for å bygge bru mellom regionale og globale organisasjonar, fremje berekraftig forvaltning og styrke innsatsen for forsking og kartlegging.

Boris Iarochewitch frå EUs utanriksteneste (EEAS) takka også komiteen for engasjement. Han understreka at det er viktig med det han kalla selektivt samarbeid med Russland, slik det t.d. skjer innanfor Arktisk Råd og i samarbeidet knytt til nordleg dimensjon og barentssamarbeidet.

Paet og Faria avslutta med å takke for samarbeidet. Paet sa han vona dei snart kunne avslutte arbeidet med kompromissa. Faria sa han vona EUs engasjement for Arktis ikkje ville stanse med rapporten, men halde fram.

Dei to komiteane skal etter planen røyste over endringane 31. januar. Dagen før skal utanriksminister Børge Brende snakke i utanrikskomiteen. Det er lagt opp til at rapporten skal behandlast i plenum i februar 2017.

Kommentar:

Mange av innlegga i dag var i samsvar med offisiell norsk politikk. Det gjeld spesielt behovet for eit praktisk samarbeid med Russland og skepsis til spesielle konsekvensanalyser i Arktis. Jamvel om det er enkelte som tek til orde for oppretting av vernesone og krav om konsekvensanalyser, synes dette ikkje å vere synspunkt som vil få fleirtal. Dette synes også å gjelde framleggget til avsnitt 7 som mange har teke til orde for å stryke. Samla sett er det dermed grunn til å vente at rapporten som blir vedteke i stor grad er i samsvar med det som tradisjonelt har vore norske tilnærming for Arktis.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no